



DET KONGELEGE
KULTUR- OG KYRKJEDEPARTEMENT

Ot.prp. nr. 14

(2007–2008)

Om lov om endringar i lov 28. august 1992 nr. 103 om pengespill m.v. (særskild tildeling av overskot frå Norsk Tipping)

*Tilråding frå Kultur- og kyrkjehøvedepartementet av 23. november 2007, godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Kultur- og kyrkjehøvedepartementet legg med dette fram forslag om endring i lov 28. august 1992 nr. 103 om pengespill m.v. for å sikre ein klar lovheimel for ei særskild tildeling av overskot frå Norsk Tipping. Hovudregelen for slik tildeling går fram av lova § 10, og inneber at overskotet frå Norsk Tipping blir fordelt med 50 % til kulturformål og 50 % til idrettsformål. Forslaget medfører at eit særleg beløp av overskotet for 2007 blir fordelt i 2008 til visse samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar, jf. St.meld. nr. 39 (2006-2007) punkt 25.7. Størleiken på beløpet vil vere avhengig av Norsk Tipping sitt overskot i 2007. Det skal vere ein føresetnad for den særskilde tildelinga at den ordinære tildelinga frå Norsk Tipping til kultur og idrett ikkje blir mindre enn i 2007.

2 Bakgrunnen for lovforslaget

Den 17. juni 2003 vedtok Stortinget forslaga i Ot.prp. nr. 44 (2002-2003) *Om lov om endringar i pengespill- og lotterilovgivning*. Lovvedtaket innebar m.a. at dei tidlegare gevinstautomatane som har vore oppstilte til inntekt for samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar, vart forbode frå 1.

juli 2007, og at organisasjonane sine inntekter frå slike automatar med det fall bort.

For å sikre organisasjonane inntekter etter at dei tidsavgrensa oppstillingsløyva til gevinstautomatane var gått ut, fastsette Stortinget i 2003 at organisasjonane skulle få del i det ordinære overskotet frå Norsk Tipping gjennom nye reglar om fordeling av overskotet frå selskapet (ny tippennøkkel). Den nye tippennøkkelen i pengespellova § 10 tek til å gjelde frå 1. januar 2009 når Norsk Tipping har fått etablert nye og meir moderate pengespel til erstatning for dei forbodne gevinstautomatane.

I St.meld. nr. 39 (2006-2007) *Frivillighet for alle* punkt 25.7 gjekk regjeringa inn for følgjande for iverksetjing av tippennøkkelen:

«Regjeringen legger opp til at den nye tippennøkkelen vil bli innført fra 1. januar 2009 og bli lagt til grunn ved fordelingen til formålene i 2009.

I perioden 1/7-07 til 31/12-08 har de samfunnsnyttige og humanitære organisasjonene som hadde automatinntekter, verken inntekter fra automater eller fra Norsk Tipping. For å sikre organisasjonene inntekter også i 2008, samt opprettholde inntektsnivået til de eksisterende overskuddsmottakerne, tas det sikte på dele ut 1 milliard kroner ekstra i årene 2008 og 2009. Av dette beløpet vil om lag 350 mill kroner bli utbetalt i 2008 til de organisasjonene som hadde automatinntekter i 2001, mens om

lag 650 mill kroner vil bli utbetalt organisasjonene i 2009. I tillegg vil det i 2008, utover beløpet på 350 mill kroner, bli tilført organisasjonene et beløp som skal tilsvare veksten fra 2006 til 2007 i det ordinære spilleoverskuddet til utdeling fra Norsk Tipping. Basert på foreliggende overskuddsprognoser vil dette utgjøre et beløp i størrelsesorden 150 mill kroner. Dette innebærer at samlet utbetaling i 2008 til de organisasjonene som tidligere hadde automatinntekter vil utgjøre et beløp i størrelsesorden 500 mill kroner. Fordelingen vil bli foretatt i samsvar med de retningslinjer som ble trukket opp i Ot.prp.nr. 44 (2002–2003), med en relativ fordeling organisasjonene imellom som ligger til grunn i den nye tippennøkkelen. Departementet vil fremme nødvendige lovendringer for å gjennomføre dette.»

Dei retningslinjer som vart trekte opp i Ot.prp. nr. 44 (2002-2003), innebar mellom anna at dei organisasjonane som i 2002 hadde inntekter frå gevinstantautomatar, skulle sikrast noko kompensasjon for inntektsbortfallet i perioden mellom avviklinga av automatane og iverksetjinga av ny tippennøkkel. Kompensasjonen i overgangsperioden skulle dekkjast inn ved mellombels disponering av Norsk Tipping sitt fond. Ot.prp. nr. 44 (2002-2003) inneheld ingen føresetnad om at storleiken på beløpet som skal delast ut, skal vere avhengig av veksten frå 2006 og 2007 i Norsk Tipping, slik det no er gjort framlegg om i St.meld. nr. 39 (2006-2007) punkt 25.7 og St.prp. nr. 1 (2007-2008) for Kultur- og kyrkjedepartementet side 36. Proposisjonen her gjer derfor framlegg om at det i pengespellova § 10 blir teke inn ein mellombels heimel for slik tildeling.

Lovforslaget blir lagt fram for å sikre at fordelinga av Norsk Tipping sitt overskot i 2008 kan skje slik det er lagt opp til i St.meld. nr. 39 (2006-2007) og St.prp. nr. 1 (2007-2008) for Kultur- og kyrkjedepartementet. Departementet har derfor ikkje funne grunn til å sende forslaget på høyring.

3 Administrative og økonomiske konsekvensar av forslaget

Forslaget opnar for at ein auke i overskotet til utdeling frå Norsk Tipping frå inntektsåret 2006 til inntektsåret 2007 kan delast ut til utvalde samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar, inkludert idrettsformål. Det er venta at ein slik auke i 2007 vil utgjere om lag 150 millionar kroner. Utdelinga vil skje i løpet av 2008. Før slik utdeling kan skje, skal det sikrast at den ordinære utdelinga frå Norsk Tipping til idrett og kultur ligg på same nivå i 2008 som i 2007. Gjennomføringa av den særskilde utdelinga i 2008 vil skje etter nærare føresegner fastsette av Kongen.

Grunna mellom anna avviklinga av automatmarknaden frå 1. juli 2007 (fjerning av om lag 12 000 automatar) er det venta ein auke i Norsk Tipping sitt overskot i 2007. Noko av omsetninga som har vore på automatane, kjem no inn på spela til Norsk Tipping.

Norsk Tipping sitt overskot i 2008 blir fordelt i 2009 etter nye reglar som gjer at den ordinære fordelinga skjer mellom kultur, idrett og utvalde samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar. Desse nye reglane i pengespellova § 10 vart vedtekne i lov 29. august 2003 nr. 90, men vil først gjelde frå 1. januar 2009.

4 Merknader til endringa i paragrafen

Til § 10

Endringa i § 10 tredje ledd skal berre ha verknad i 2008. Den overskytande delen av overskotet i 2007 kan fordelast til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar som hadde rett til inntekter frå gevinstantautomatar oppstilte i 2002, jf. nærare om dette i Ot.prp. nr. 44 (2002-2003) *Om lov om endringar i pengespill- og lotterilovgivningen* punkt 4.6.1 og St.prp. nr. 1 (2007-2008) for Kultur- og kyrkjedepartementet s. 36. Kongen skal gje nærare føresegner for fordelinga.

Kultur- og kyrkjedepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endringar i lov 28. august 1992 nr. 103 om pengespill m.v. (særskilt tildeling av overskot frå Norsk Tipping).

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

stadfestar:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i lov 28. august 1992 nr. 103 om pengespill m.v. (særskilt tildeling av overskot frå Norsk Tipping) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringar i lov 28. august 1992 nr. 103 om pengespill m.v. (særskilt tildeling av overskot frå Norsk Tipping)

I

I lov 28. august 1992 nr. 103 om pengespill m.v. vert følgjande endringar gjort:

Tittelen på lova skal lyde:

Lov 28. august 1992 nr. 103 om pengespill m.v. (*pengespilloven*).

§ 10 nytt tredje ledd skal lyde:

Dersom overskuddet i 2007 er større enn overskuddet i 2006, kan økningen fordeles til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar av Kongen i 2008.

II

Lova trer i kraft straks.
